



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dato: 17.03.2015
Vår ref.: 2015/85-9
Saksbehandlar: gunhans

Arbeidet med rassikring må forserast uttale frå Hordaland fylkesting

Hordaland fylkesting har i møte 11. mars 2015 samrøystes vedteke slik uttale:

"Arbeidet med rassikring må forserast

Hovudvegsambandet nord-sør langs Vestlandet, Europavegen – E39 Romarheimsdalen har vore stengt på grunn av ras sidan 1. mars. 4 bilar vart tekne av skred, 11 personar var i livsfare.

Nok ein gong var marginane på rett side slik at alle dei involverte slapp frå hendinga i live. Denne gongen var det eit 50 meter langt snøskred, med ei høgde på to meter tettpakka snø, som trefte køyretya.

Gjentekne gonger har mellom anna hovudvegsambanda E39, E16 og E6 vorte stengde grunna ras og rasfare dei siste åra, ofte i lange periodar.

Dette skapar store vanskar for transportnæringa, for verksemder, for kollektivtrafikken og for folk flest. Økonomisk kan dette kun målast i auka kostnader og tapt verdiskaping. Redsla og uroa over å vere nøydd å ferdast langs rasutsette vegstrekningane derimot, kan ikkje målast økonomisk.

Redsla og uroa finn ein att i redusert livskvalitet for alle dei som må bu og leve med skredfaren. Dei vegfarande skal kunne ha tillit til at det offentlege vegnettet er trygt å ferdast på. Derfor må arbeidet med skredsikring forserast, noko anna er uakzeptabelt.

På ny var ein heldige, dei ørsmå marginane spelte nok ein gong på lag – men me veit alle at slike ras kan få dramatiske konsekvensar.

Me kan ikkje setje vår lit til marginar. Rassikring er eit nasjonalt ansvar, me må kunne setje vår lit til forserte løyingar.

Den nasjonale rassikringsgruppa har sett eit tålmodig og nøkternt mål for at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras innan 2030.

Sjølv om merksemda på rasproblematikken har auka dei seinare åra, vil ein ikkje nå dette målet med dagens løyvingstakt.

Hordaland fylkesting ber om at målsettinga til den Nasjonale rassikringsgruppa vert innarbeidd i arbeidet med ny Nasjonal Transportplan.

Med helsing

Tom-Christer Nilsen
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.